

Notat

Dato: 06.06.2016
Arkivsak: 2014/23406-4
Saksbehandlar: Sissel Øverdal

Til:	Fylkesordføraren
Frå:	Fylkesrådmannen

Melding om prosjektet: "Eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord"

Arbeid med «eit framtidretta skuletilbod for ungdom frå Etne og Vindafjord» vart starta opp hausten 2013. Saka vart handsama i fylkesutvalet 20.05.2014 (sak 126/14), og det vart fatta slikt vedtak:

- «1. Fylkesutvalet godkjenner at fylkesrådmannen held fram med arbeidet med utgreiing av ny organisering av det vidaregåande skuletilbodet i Etne og Vindafjord kommunar med mål om å få til ein felles skule med felles styring, leiing og administrasjon.*
- 2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut korleis dei organisatoriske, administrative og politiske sidene ved ei slik felles skuledrift kan løysast innan gjeldande lovgjeving.*
- 3. Fylkesutvalet legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende med sak som omhandlar endeleg forslag til samarbeidsmodell.»*

Hausten 2014 vedtok fylkestinga i Rogaland og Hordaland fritt skuleval over fylkesgrensa for elevar som bur i kommunar nær fylkesgrensa (sak 76/14). Dette førte til at arbeidet med prosjektet «eit framtidretta skuletilbod» blei lagt på vent til ordninga med fritt skuleval var evaluert. Skuleåret 2015/16 er første året ordninga med fritt skuleval over fylkesgrensa er prøvd ut. Evaluering av forsøket vert lagt fram for fylkestinget i oktober i år.

I arbeidet med «eit framtidretta skuletilbod» er omsynet til elevane og deira skuletilbod det primære. I høyringsframlegget til rullering av skulebruksplanen 2017-2030 er det fremja forslag om at Etne vgs etter skuleåret 2016/17 vert avvikla som sjølvstendig skule, og det vert starta opp dialog med Rogaland fylkeskommune (RFK) for å innlemme Etne vgs i Ølen vgs. Med dette som utgangspunkt ser fylkesrådmannen eit behov for å ta opp att dialogen med Rogaland.

Høyringsframlegget har vore drøfta med Rogaland fylkeskommune på administrativt nivå. Dei to fylkeskommunane har blitt einige om å

- sjå på kva som må til for å ivareta elevane i regionen.
- gjere ei analyse av kva for tilbod det er trong for i regionen.
- sjå på tilsette ved Etne vidaregåande skule sine rettar og plikter i Rogaland fylkeskommune dersom det vert eit vedtak i tråd med høyringsframlegget.